

Eksamen

28.11.2019

BAT1001 Produksjon

Programområde: Bygg- og anleggsteknikk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Kandidaten vert vurdert etter:</p> <ul style="list-style-type: none">• Evna til å velje eigna verktøy, utstyr og materiale sett ut frå faggruppa si• Forståing av kor viktig helse-, miljø- og tryggleikstiltak er på ein bygg- og anleggsplass, og korleis enkle tiltak kan gjennomførast• Evna til å måle opp og rekne ut enkle arbeidsoppgåver

Innleiing:

Du har fått tilbod om lærlingplass i eit entreprenørfirma som utfører arbeid innan fagområdet ditt. Du vil bli ein del av eit arbeidslag som består av lærlingar og sveinar/fagarbeidarar. Dei vil også vere med å rettleie dykk som er lærlingar. Under eit byggeprosjekt må de samarbeide med fleire yrkesgrupper. Dette er ein del av kvardagen til ein fagarbeidar.

Oppgåve 1:

Du skal no velje deg eit konkret arbeidsoppdrag ut ifrå fagfeltet ditt. Ta utgangspunkt i eit oppdrag du har vore med på å utføre i firmaet ditt eller på skulen.

- a. Kva for eit fag vel du å løyse oppgåva ut ifrå?
- b. For å gjere dette konkrete arbeidsoppdraget er det viktig å tenke på kva for verktøy og andre arbeidsreiskapar som må vere med for å utføre denne jobben. Set opp ei detaljert verktøy-/arbeidsverktøyliste som må vere med ut ifrå eit tenkt arbeidsoppdrag.
- c. For å kunne utføre dette tenkte oppdraget må du tenke gjennom kva slags material og eventuelt anna materiell du må ha med eller bestille. Set opp ei detaljert oversikt over dette.
- d. Set opp forslag på korleis vi kan halde svinnet på materiell på eit minimumsnivå.
- e. Kva fordelar vil lite svinn ha for bedrifta og miljøet?

Oppgåve 2:

HMS er eit omgrep vi må ta omsyn til i det daglege arbeidet på ein byggeplass.

- a. For å utføre det tenkte oppdraget ditt ynskjer rettleiaren på byggeplassen at du skal skrive opp ei detaljert oversikt over kva du vil trenge av personleg verneutstyr.
- b. Rettleiaren din vil også at du skal kome med innspel på kva firmaet må bidra med av utstyr for dette oppdraget. Set opp forslag.
- c. Nemn nokre oppgåver eit verneombod kan ha på det tenkte oppdraget ditt.

Oppgåve 3:

- a. Kva for andre yrkesgrupper vil det vere naturleg for deg å samarbeide med ut ifrå det oppdraget du har valt?
- b. Lag ein enkel gjennomføringsplan som viser når dei enkelte yrkesgruppene blir aktuelle i prosjektet ditt.
- c. Du oppdagar ein feil i teikningsgrunnlaget eller arbeidsbeskrivinga di. Korleis kan du løyse dette på best mogleg måte?

Oppgave 4:

- Nemn nokre lover, forskrifter og standardar som du kjenner til ut ifrå faget ditt.
- Det vil alltid bli stilt strenge toleransekrav for utføring av arbeid. Kan du beskrive nokre slike krav ut ifrå fagområdet ditt?
- Kva kan vi lese ut ifrå eit datablad som følgjer eit produkt?
- Kva slags verktøy/hjelpemiddel brukar ein malar, korleis vert desse brukt og til kva?
- HMS i malarfaget: Kva for verneutstyr brukar ein malar både til personleg bruk og generelt?

Oppgave 5:

Du skal i denne oppgåva male veggene i eit rom.

- Lag ei målsett skisse av eit rom med måla lengde (6 m) x breidde (5 m) med takhøgde standard 2 m 40 cm
- Rekn ut talet på kvadratmeter for dei fire veggane og summer kor stort areal du skal male
- Trekk frå areal til vindauge (1 x 1 m) og dør (90 cm x 2 m).
- Kor mykje maling går det med til jobben? (1 liter maling dekkjer 9 kvadratmeter)
- 10 liter maling kostar 590 kr eks moms (25 %) Kor mykje kostar malinga til rommet?

Veggar	Kvadratmeter
Vegg 1	
Vegg 2	
Vegg 3	
Vegg 4	
Sum	

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Kandidaten vurderes etter:</p> <ul style="list-style-type: none">• Evnen til å velge egnet verktøy, utstyr og materialer sett ut fra sin faggruppe• Forståelsen for viktigheten av helse-, miljø- og sikkerhetstiltak på en bygg- og anleggsplass, og hvordan enkle tiltak kan gjennomføres• Evnen til å måle opp og regne ut enkle arbeidsoppgaver

Innledning:

Du har fått tilbud om lærlingplass i et entreprenørfirma som utfører arbeid innen ditt fagområde. Du vil bli en del av et arbeidslag som består av lærlinger og svenner/fagarbeidere. De vil også være med å veilede dere som er lærlinger. Under et byggeprosjekt må dere samarbeide med flere yrkesgrupper. Dette er en del av en fagarbeiders hverdag.

Oppgave 1:

Du skal nå velge deg et konkret arbeidsoppdrag ut ifra ditt fagfelt. Ta utgangspunkt i et oppdrag du har vært med på å utføre i ditt firma eller på skolen.

- a. Hvilket fag velger du å løse oppgaven ut i fra?
- b. For å gjøre dette konkrete arbeidsoppdraget er det viktig å tenke på hvilke verktøy og andre arbeidsredskaper som må være med for å utføre denne jobben. Sett opp en detaljert verktøy- / arbeidsverktøyliste som må være med ut ifra tenkt arbeidsoppdrag.
- c. For å kunne utføre dette tenkte oppdraget må du tenke igjennom hvilke materialer og eventuelt annet materiell du må ha med eller bestille. Sett opp en detaljert oversikt over dette.
- d. Sett opp forslag på hvordan vi kan holde svinnet på materiell på et minimumsnivå.
- e. Hvilke fordeler vil lite svinn ha for bedriften og miljøet?

Oppgave 2:

HMS er et begrep vi må forholde oss til i det daglige arbeidet på en byggeplass.

- a. For å utføre ditt tenkte oppdrag ønsker veilederen på byggeplassen at du skal skrive opp en detaljert oversikt over hva du vil trenge av personlig verneutstyr.
- b. Din veileder vil også at du skal komme med innspill på hva firmaet må bidra med av utstyr for dette oppdraget. Sett opp forslag.
- c. Nevn noen oppgaver et verneombud kan ha på ditt tenkte arbeidsoppdrag.

Oppgave 3:

- a. Hvilke andre yrkesgrupper vil det være naturlig for deg å samarbeide med ut ifra det oppdraget du har valgt?
- b. Lag en enkel gjennomføringsplan som viser når de enkelte yrkesgruppene blir aktuelle i ditt prosjekt.
- c. Du oppdager en feil i tegningsgrunnlaget eller arbeidsbeskrivelsen din. Hvordan kan du løse dette på best mulig måte?

Oppgave 4:

- Nevn noen lover, forskrifter og standarder som du kjenner til ut ifra ditt fag.
- Det vil alltid bli stilt strenge toleransekrav for utførelse av arbeid. Kan du beskrive noen slike krav ut i fra ditt fagområde?
- Hva kan vi lese ut ifra et datablad som følger et produkt?
- Hvilken type verktøy/hjelpemidler bruker en maler, hvordan brukes disse og til hva?
- HMS i malerfaget: Hvilket verneutstyr bruker en maler både til personlig bruk og generelt?

Oppgave 5:

Du skal i denne oppgaven male veggene i et rom.

- Lag en målsatt skisse av et rom med målene lengde (6 m) x bredde (5 m) med takhøyde standard 2 m 40 cm
- Regn ut antall kvadratmeter for de fire veggene og summer hvor stort areal du skal male
- Trekk fra areal til vindu (1 x 1 m) og dør (90 cm x 2 m).
- Hvor mye maling går med til jobben? (1 liter maling dekker 9 kvadratmeter)
- 10 liter maling koster 590 kr eks moms (25 %) Hvor mye koster malingen til rommet?

Vegger	Kvadratmeter
Vegg 1	
Vegg 2	
Vegg 3	
Vegg 4	
Sum	



www.vigoiks.no/eksamen